

Referent: Ingunn Bårtvedt Skjerdal

Dato: 28.10.2022

Emne:	Referat frå regionalt planforum 23.08.22 - interkommunal plan for sjøareal - region Nordhordland																																																							
Til stades:	<table border="1"> <thead> <tr> <th>Namn</th> <th>Organisasjon/Etat</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Bent Gunnar Næss</td> <td>Prosjektleder</td> </tr> <tr> <td>Hans Kristian Dolmen</td> <td>Alver kommune – innleigd til prosjektet</td> </tr> <tr> <td>Kristin Namdal</td> <td>Alver kommune- leiar arbeidsgruppa</td> </tr> <tr> <td>Hallvard Hallstein Oppedal</td> <td>Ordførar leiar i det interkommunale planutvalet</td> </tr> <tr> <td>Sveinung Toft</td> <td>Assisterande rådmann Masfjorden arbeidsgruppa</td> </tr> <tr> <td>Ingvild Høydal</td> <td>Einingsleiar for plan, landbruk og teknisk, Gulen kommune, arbeidsgruppa</td> </tr> <tr> <td>Asbjørn Nagell Toft</td> <td>Arbeidsgruppa</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Helle Holte Bruland</td> <td>Statsforvaltaren</td> </tr> <tr> <td>Hege Brekke Hellesøe</td> <td>Statsforvaltaren</td> </tr> <tr> <td>Mariette Madsgaard</td> <td>Forsvarsbygg</td> </tr> <tr> <td>Turid Susort Jansen</td> <td>Kystverket</td> </tr> <tr> <td>Karoline Walsø Egholm</td> <td>Direktoratet for mineralforvaltning</td> </tr> <tr> <td>Christine Pettersen</td> <td>Mattilsynet</td> </tr> <tr> <td>Ola Midttun</td> <td>Fiskeridirektoratet</td> </tr> <tr> <td>Charlotte Skeide Norseng</td> <td>Fiskeridirektoratet</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Gunvar Mikkelsen</td> <td>Forum for natur og friluftsliv</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Eva Katrine R. Taule</td> <td>VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan</td> </tr> <tr> <td>Cathrine Gunn Grasdahl</td> <td>VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt</td> </tr> <tr> <td>Ingunn Bårtvedt Skjerdal</td> <td>VLFK SUD-PKF koordinator planforum</td> </tr> <tr> <td>Elisabeth Aune</td> <td>VLFK-INN Akvakultur</td> </tr> <tr> <td>Endre Korsøen</td> <td>VLFK-INN Akvakultur</td> </tr> <tr> <td>Kari Bjørndal</td> <td>VLFK –INN - vassforvaltning</td> </tr> <tr> <td>Tone Bøyum</td> <td>VLFK-INV -</td> </tr> </tbody> </table>		Namn	Organisasjon/Etat	Bent Gunnar Næss	Prosjektleder	Hans Kristian Dolmen	Alver kommune – innleigd til prosjektet	Kristin Namdal	Alver kommune- leiar arbeidsgruppa	Hallvard Hallstein Oppedal	Ordførar leiar i det interkommunale planutvalet	Sveinung Toft	Assisterande rådmann Masfjorden arbeidsgruppa	Ingvild Høydal	Einingsleiar for plan, landbruk og teknisk, Gulen kommune, arbeidsgruppa	Asbjørn Nagell Toft	Arbeidsgruppa			Helle Holte Bruland	Statsforvaltaren	Hege Brekke Hellesøe	Statsforvaltaren	Mariette Madsgaard	Forsvarsbygg	Turid Susort Jansen	Kystverket	Karoline Walsø Egholm	Direktoratet for mineralforvaltning	Christine Pettersen	Mattilsynet	Ola Midttun	Fiskeridirektoratet	Charlotte Skeide Norseng	Fiskeridirektoratet			Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv			Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan	Cathrine Gunn Grasdahl	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	VLFK SUD-PKF koordinator planforum	Elisabeth Aune	VLFK-INN Akvakultur	Endre Korsøen	VLFK-INN Akvakultur	Kari Bjørndal	VLFK –INN - vassforvaltning	Tone Bøyum	VLFK-INV -
Namn	Organisasjon/Etat																																																							
Bent Gunnar Næss	Prosjektleder																																																							
Hans Kristian Dolmen	Alver kommune – innleigd til prosjektet																																																							
Kristin Namdal	Alver kommune- leiar arbeidsgruppa																																																							
Hallvard Hallstein Oppedal	Ordførar leiar i det interkommunale planutvalet																																																							
Sveinung Toft	Assisterande rådmann Masfjorden arbeidsgruppa																																																							
Ingvild Høydal	Einingsleiar for plan, landbruk og teknisk, Gulen kommune, arbeidsgruppa																																																							
Asbjørn Nagell Toft	Arbeidsgruppa																																																							
Helle Holte Bruland	Statsforvaltaren																																																							
Hege Brekke Hellesøe	Statsforvaltaren																																																							
Mariette Madsgaard	Forsvarsbygg																																																							
Turid Susort Jansen	Kystverket																																																							
Karoline Walsø Egholm	Direktoratet for mineralforvaltning																																																							
Christine Pettersen	Mattilsynet																																																							
Ola Midttun	Fiskeridirektoratet																																																							
Charlotte Skeide Norseng	Fiskeridirektoratet																																																							
Gunvar Mikkelsen	Forum for natur og friluftsliv																																																							
Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan																																																							
Cathrine Gunn Grasdahl	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt																																																							
Ingunn Bårtvedt Skjerdal	VLFK SUD-PKF koordinator planforum																																																							
Elisabeth Aune	VLFK-INN Akvakultur																																																							
Endre Korsøen	VLFK-INN Akvakultur																																																							
Kari Bjørndal	VLFK –INN - vassforvaltning																																																							
Tone Bøyum	VLFK-INV -																																																							
Forfall:		Sak: 2022/4000 - 26																																																						
Møtetid:	23.08.22 kl 13-15	Møtestad: digitalt på teams																																																						

Møteleiar: Eva Kathrine Taule

Referentar: Cathrine Gunn Grasdahl og Ingunn B. Skjerdal

Det var gjennomfør presentasjonsrunde

Region Nordhordland (RN) har no eit vedteke planprogram for dette arbeidet. Leiar for interkommunalt planutval, Hallvard Hallstein Oppedal innleidde, og gjennomgjekk organisasjonsstruktur for arbeidet. Ein har mål om å legge planen ut på første gongs høyring i september.

Planprogrammet var vedteke for eit år sidan. No har ein arbeidd med Asplan Viak, Rådgivende biologer og saman med referansegruppa for å arbeide fram faktagrunnlag med tema for plan.

Det blei gjort kort greie for planforslaget sitt planområde og avgrensing. Ein har fått 61 innspel som er KU-vurdert. 14 innspel er vurdert til å ha lite eller ingen negativ verknad. I hovudsak har innspela handla om akvakultur og ulike båtanlegg. KU gjev ei samla vurdering på relativt store område, og ein har vore spent på korleis det vil vere dekkande. Ein har gjort inndeling etter fjordområde og vassførekomstar.

Kommunar og kystverket skal ha ein gjennomgang av innspela og KU-vurderinga av desse. RN viste nokre eksempel som synleggjer vurderingar og utfordringar:

- Storleik er ei gjennomgåande problemstilling. Dette gjeld kanskje særleg akvakulturområde som ein vil utvide.
- Strukturendring – fjerne mindre areal og ha færre men større.
- Føresegner – akvakultur (plankrav og eller miljøkrav) og båt og hamn (småbåthamn, -anlegg og andre hamner)

Kommunane skal no gjere avklaring knytt til eigne areal i utkast til plandokumenta.

Det vert jobba med høyring og medverknad no, og har mål om handsaming i interkommunalt planutval i september 2022.

REGION
NORDHORDLAND

Proessen har vist oss

- **Utfordringar som ikkje let seg løyse i arealplan, meir langsiktig arbeid og politikk**
 - Luseproblem – nedtrekk i produksjonen – årleg tap Vestland 1 mrd
 - Villaks – raudlista
 - Lite vilje frå lokalbefolkninga til akvakultur
 - Struktur anlegg og drift
 - Liten samordna mynde på område
 - Tilpassinga til miljø – går treigt
- **Strategi og gjennomføring**
 - Treng samordna virkemidlar og regionalt samarbeid
 - Premierer det ein vil og straffer det som ikkje er ønskeleg
 - Handlingsplan

(Ekstern)

av 5

Ein ser at det trengs ei styrking av verkemiddel for styringa av utviklinga i sjøareala.

Innspel og spørsmål:

Kystverket peiker på at ein har hatt gode arbeidsmøte undervegs i prosessen med planprogrammet.

Det er mange omgrep og komplekse samanhengar i sjøarealforvaltning. Farleier – dei linene er forskriftsfest transportareal. Det grønt stipla arealet er *Kystverket* sitt forvaltningsareal. I farleiareal kan ein etablere tiltak, men etter konkrete vurderingar.

I sjøområda er det viktige tema i tillegg til akvakultur, håpar at dette ikkje berre blir ein plan for akvakultur

RN: Når det gjeld båthamner og liknande, er det relativt avklarte forhold mellom dette og andre interesser. Når det gjeld marin kartlegging, er det noko sparsamt med informasjon tilgjengeleg for kommunane – dette kunne vore relevant å ta inn i ein handlingsplan

VLFK: Kan ein sei litt meir om kunnskapsgrunnlaget for planarbeidet?

RN: Kor detaljert skal kunnskapsgrunnlaget vere – ein har søkt å gje overblikk, men òg å synleggjere vesentlege detaljar. Ein har arbeidd vidare med t.d. villfiskproblematikk. Kunnskapsgrunnlaget er ferdig utarbeidd og skal gjerast tilgjengeleg. Dette vil også vere nyttig i kommunane sine arbeid med eigen KPA og ev. reguleringsplanar

Fiskeridirektoratet har gjeve skriftleg innspel til planprogrammet, og viser til dette

Tilbakemelding frå *Direktoratet for mineralforvaltning*: Registrerer at merknadene til planprogrammet i stor grad er følgt opp i vedteke planprogram. Mineralressursar er lagt inn som tema for planlagt GIS-analyse, og det er lagt inn i KU under tema om næringsaktivitet. Meiner dette er eit bra grunnlag for vidare planarbeid i ein kystregion med viktige mineral og fleire masseuttak med skipsfrakt. *Direktoratet* legg til grunn at dette blir følgt opp vidare i planarbeidet.

Statsforvaltaren i Vestland (SF): Vil særleg peike på innspel knytt til forholda for villaks og sjøaure. Og ein oppfordrar til å ha miljøføresegner knytt til utvida område. Å ta ut ueigna lokalitetar er viktig. Syner til Stad kommune sin kommunedelplan for sjøareal som har god KU og gode miljøføresegner: https://webhotel3.gisline.no/Webplan_4649/gl_planarkiv.aspx?planid=2019100

RN – Det ser ut til å vere nokre få lokalitetar som skal takast ut, men ein er ikkje heilt i mål med desse vurderingane enno. Arbeidsgruppa ser at ein kvar auke i biomasse vil vere uheldig i nær framtid. Ein vurderer at ein kan auke areal, t.d. på bakgrunn av ulike praktiske og driftsmessige orsakar, men ikkje biomasse slik det er no.

VLFK INV: Det skal leggest til rette for småbåthamner, industri til sjø og anna som treng transport og avklaring kring forholdet til landbasert infrastruktur

RN: Kunnskapsgrunnlaget og KU har handsama dette. Det er kopling til KPA og arealavklaring der. Ein må ha samordning i føresegnene mot land.

VLFK INV: Er det gjort vurderingar opp mot transportnett på land?

RN: Transportnett har ein vore innom, men fokuset har vore på sjø, og ev. transport på sjø.

Føresegner

SF: At ein er tydeleg på at biomassen ikkje kan aukast, må sikrast i miljøføresegner.

VLFK: Føresegner er eit viktig tema, og det er fint om vi kan drøfte dette no. Har ein arbeidd fram noko som planforum kan vurdere og gje innspel til her og no?

av 5

Gulen kommune spelte inn t.d. 3 område med premiss i føresegner om at desse må vere lukka anlegg.

RN: I føresegnene har ein t.d. spesifisert kva lokalitetar som kan nyttast til ulike arter. Ein har lagt inn i føresegnene at utviding av område vil krevje vurdering, men ikkje klart enno kva som vil vere kriterium for utviding.

SF: Er skeptisk til om det er lov å ha føresegner knytt til drift i lukka anlegg?

Kystverket etterspurde om det er laga omsynssoner knytt til fortøyning.

RN: Det er lagt buffer rundt (særleg knytt til djupne), men ikkje heile fortøyingsområda.

Mattilsynet: Teknologien for lukka anlegg er enno fersk og ikkje heilt klart for stordrift – det blir difor vanskeleg å sette krav om dette. Skilje mellom semi- og heilt lukka anlegg. Semilukka anlegg er meir relevant, mtp luseproblem og dyrevelferd. Mattilsynet gjer alle vurderingar på lokalitetsnivå. Vi kan ikkje godkjenne eit stort lokalitet utan sikring av at nokre mindre skal leggest ned.

VLFK Akvakultur: I næringa er ein opptatt av risiko knytt til ny teknologi, og ein vil gjerne halde på moglegheita til å bruke gamle lokalitetar.

Mattilsynet vil krevje sikring av desse forholda gjennom føresegner.

VLFK Akvakultur peiker på at føresegnene må tene føremålet og vere godt og lettfatteleg formulert.

Fiskeridirektoratet er positive til planarbeidet, at det overskridande på kommunenivå og gjev meir heilskap. Det er elles vanskeleg å gje konkrete tilbakemeldingar på sparket i møtet (mtp forslag til føresegner først blei vist i møtet)

Vidare prosess:

RN vil ta ein fot i bakken med referansegruppa før ein sender ut planframlegget på høyring.

Gulen kommune ønska presisering av VLFK sitt råd m.t.p. vidare prosess – rår ein til å jobbe meir med planprogrammet, og så ha eit nytt planforum?

VLFK plan: Dette vel plangruppa – om ein jobbar med referansegruppa. Kunnskapsgrunnlaget blir tydelegare presentert, og føresegner bør drøftast.

VLFK plan: I arbeidet med denne planen trekker ein fram erfaringa med at alt ikkje kan løysast i arealplan. Kva insentiv kan ein sjå for løysing av utfordringar?

VLFK Akvakultur: Det er ei fornuftig erkjenning å – produksjonskapasitet blir regulert på konsesjonsnivå (over lokalitetsnivå). Prosessar går på sida av planarbeid.

Det er mykje engasjement i fagmiljøa i utviklinga/vidareutviklinga av semilukka og lukka anlegg. ytting eller andre løysingar som ikkje er vedteke, men mykje fokus politisk. Marin satsing er politisk brennbart –

RN: Ikkje alt kan handterast i planen, men ein kan peike vidare på dette. Ein vil jobbe med berekraft i akvakultur parallelt med planarbeidet. Noko motstridande signal frå regionalt hald.

Avslutning

VLFK: Det vil vere ein fordel å diskutere føresegnene med regionale etatar før saka vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vlfk rådar til å gjennomføre meir arbeid med plandokumenta før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

RN: Det har vore nyttig med eit møte, ønsker å ta eit møte med referansegruppa og ser på det som svært viktig med god dialog regionale og statlege myndigheiter.

Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum interkommunal plan for sjøareal - Region Nordhordland
- 2 IKP Sjøareal NH Planprogram - vedtatt 21.06.2021